




Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Alver - 84/4 - Kvalvågneset - parkeringsplass - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 05.07.2022. Saka gjeld søknad om etablering av parkeringsareal og veg. Parkering er opplyst med storleik på 6 x 15 meter og gangveg til hytte er opplyst med storleik på 2,5 x 18 meter.

Tiltaka krev dispensasjon frå plan- og bygningslova (tbl.) §1-8 og arealføremål LNF i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden.



### Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispesert frå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilslidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av



kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjer unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

I strandsona skal ein særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser jf. pbl. § 1-8 første ledd. Omsyn bak LNF-formålet er mykje det sama.

I denne saka er tiltaka allereie utført. Vi minner om at i slike saker skal tiltaka vurderast som om dei ikkje var utførte.

Kommunen må i si vurdering legge vekt på om tiltaket vil føre til auka privatisering av området, og korleis landskapet vil verte påverka av tiltaket, særleg sett frå sjø.

Vi vurderer at særleg dispensasjon for vegen er uheldig. I seg sjølv er kanskje ikkje vegen så omfattande, men det ligg fleire fritidsbustader i nærleiken som kan kome til å søke om tilsvarende vegar. Dette kan føre til ein bit for bit nedbygging, som samla sett kan få store konsekvensar for oppleveling av landskapet sett frå sjøen.

Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Gunn Tove Nyheim  
seniorrådgjevar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN